

Min julesang

Melodi: Herlighetens morgen

**Det går eit stille tog på løynde stier
mot Betlehem og barnet i ein stall,
der englar syng om fred, og våpna tier
kring krubba under stjernehimmelhall.**

**Kor: Eit ljøs ifrå det høge gjestar verda
som morgonsola på ein mørklagd veg.
Ei lykt for foten på den tronge ferda
mot fred og fagnad styrer mine steg.**

**I draumen kan eg følgja pilgrimsferda
til ljøset frå mi eiga stjernesol.
Og saman der med lovsongskoret vera
på marka i den aller første jol.**

**Her i min kvardag lyser og ei stjerne
som viser vegen der eg trygt kan gå,
som leier fram mot målet i det fjerne
sjølv om eg berre steg for steg kan sjå.**

**Når kvelden mørknar etter jordlivs dagar,
skal stjerna stå i ro over mi seng
og syna leia fram til fredens hagar
der eg vert boren inn på engleveng.**

Tekst: Tobias Skretting 1.9.2004

Melodi: Erland Dahlgren